

 <b>HELSE BERGEN</b> Haukeland universitetssjukehus	<h2>Pasientforløp: Rehabiliteringsplan</h2>
Kategori: Pasientbehandling/Pasientforløp og pakkeforløp	Gyldig fra/til: 06.02.2024/06.02.2025
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Nevroklirikken	Versjon: 1.01
Godkjenner: Storlid, Hege	Informasjon
Dok. ansvarlig: Hege Storlid	Dok.id: D68818

## 1 Formål

Avdeling for ryggmargsskade ved Haukeland Universitetssjukehus er ein av tre avdelingar for spesialisert rehabilitering og oppfølging av personar med ryggmargsskade i Norge. Avdelinga har landsdekkande funksjon for Helse Vest. Helsedirektoratet definerer rehabilitering som følgjande:

*"Habilitering og rehabilitering skal ta utgangspunkt i den enkelte pasient og brukers livssituasjon og mål. Habilitering og rehabilitering er målrettede samarbeidsprosesser på ulike arenaer mellom pasient, bruker, pårørende og tjenesteytere. Prosessene kjennetegnes ved koordinerte, sammenhengende og kunnskapsbaserte tiltak. Formålet er at den enkelte pasient og bruker, som har eller står i fare for å få begrensninger i sin fysiske, psykiske, kognitive eller sosiale funksjonsevne, skal gis mulighet til å oppnå best mulig funksjons- og mestringsevne, selvstendighet og deltagelse i utdanning og arbeidsliv, sosialt og i samfunnet".*

## 2 Primæropphold

Skader i ryggmargen kan gi varige og samansette følgjer. Skadekonsekvensane kan vera organgripande og medføre ofte store og samansette funksjonstap, som krev spesiell kompetanse i forbindelse med rehabilitering og oppfølging. Personar med ryggmargsskade kan ha behov for tilrettelegging og tilpassing i forhold til bustad, jobb og andre sosiale aktivitetar. I tillegg vil mange ha behov for tett og regelmessig medisinsk oppfølging. Som pasient ved Spinaleininga vil du møte eit tverrfagleg team med pleiarar, leger, fysioterapeutar, ergoterapeutar og sosionom.

Det er i tillegg etablert eit godt samarbeid med andre relevante einingar ved Haukeland Universitetssjukehus. Du går gjennom eit kort eller lengre opphald under primærrehabilitering. Lengde på opphaldet vurderas individuelt. Ved innlegging blir det gjennomført ein vurdering av ryggmargsskaden, og trening igangsettes. Du får oppnemnt ein koordinator frå avdelinga, som organiserer rehabiliteringsopphaldet, og samarbeida med din heimkommune, viss dette er aktuelt. Vi gjennomfører målmøte kvar 4. veke. På møtet deltar pasienten og det tverrfaglege teamet. Pårørande kan gjerne delta, etter ønske frå pasient.

På det første møtet setter pasienten, saman med teamet, langsiktige- og kortsiktige mål. Vi tilstreber at målet som blir satt er målbare og realistiske. På neste målmøte, 4 veker seinare, evalueras måla som ble satt, og nye mål settes. Kvar måndag har vi utetrening, noko som er ein viktig del av rehabiliteringsprosessen. Målet med utetreningen er individuelt, og det er her vi får sette det vi trenar på inn i ein realistisk samanheng. Eksempel på dette kan vera å trenar på å mestre hjelpemiddel ein har fått. Det viktigaste er at du får prøva ut og lære deg å mestre eventuelle utfordringar du kan møte etter fullført primær opphald. Vi har fokus på å oppnå eit høgast mogleg funksjonsnivå ut frå kva begrensingar som ryggmargsskaden medfører.

Mål for rehabiliteringa kan vera at du:

- Blir mest mogleg sjølvstendig i daglige aktivitetar
- Mestrar ny livssituasjon
- Tileignar deg kunnskap om skaden og dens følgjevirkningar, førebygging av komplikasjonar og moglege seinskader.

I dei tilfella der vi forventar at du vil ha behov for kommunale tenester etter utskrivning, startar vi tidleg samarbeid med heimkommunen. Før utreise gjennomførast undersøkingar og funksjonstestar.